



DEN NORSKE KYRKJA

Norum Sokneråd

Referat soknerådsmøte torsdag 04.02.21

Tid: kl. 19.00

Stad: Slinde hjå Magne Ahlin

Innkalla: Leiar og fast medlem i fellesrådet: Magne Ahlin

Nestleiar og varamedlem i fellesrådet: Gunn Kjersti Bårdgard

Skrivar og vara til diakoniutvalet: Heidi Fondenes

Kasserar og medlem av diakoniutvalet: Gunnhild Øvretun

Styremedlem og trusopplæringsutvalet: Sigrid Mari-Ann Brusegard Hovden

Styremedlem og dugnadskoordinator: Vegard Sætre

Fyrste vara og vara til trusopplæringsutvalet: Rune Haug (fråfall)

Sokneprest og medlem: Vegard Bondevik Lie

Sakliste:

- Opning ved Magne
- Ord for dagen ved Vegard prest: Om sennepsfrøet, likning om ordet som blir sått og kan få veksa og kan bety noko. Tenkjer på at 11-åringane får utdelt ordet i desse dagar. Nytt på Facebook: Ord for dagen, ulike folk les eit bibelvers og ynskjer alle ein god dag på video. Oppmodar fleire til å bli med å lesa.
- Sak 1/2021: Festeavtale til grav: Ølgård L. Ylvisåker festeavtale 2015-2020. Viser til e-post frå Jostein Risa 29.12.20 om ny vurdering av festeavtalen som Norum sokneråd har hatt ansvaret for.
Vedtak: Norum sokneråd ynskjer ikkje å halde fram med denne festeavtalen for nokon av gravene. Me ber Jostein Risa om å kontakte familien ved Liv Gjerde Ospeseter og høyre om dei er interessert i å overta avtalen, viss ikkje kan graven gå attende til gravplassen og gravminnet fjernast.
- Sak 2/2021: Val av representantar til Stiftinga Stedjetunet
Vedtak: Rønnaug Dahl går inn for Gunn Kjersti Bårdgard, Sveinung Brusegard står ut 2021. Edith Flatland gir seg. Magne Ahlin stiller som vara.
- Ny sak 3/2021: Bustadhus som Stedjetunet eig. Vurdering av sal av huset, ny bruk. Barnehagen har brukt det til mellombels lokale, stiftinga Stedjetunet vurderer bruk til ungdomsarbeid og heilt eller delvis sal av huset. Interessert part «Ungdom i oppdrag», driv med disippeltrening. Møte torsdag om ei veke, Magne møter for Norum sokneråd. Ventar med vedtak til utgreiinga er klar.
- Sak 4/2021: Reinhold i kyrkja under korona
Ynskje om hjelp til reinhold, ein kyrkjetenar er sjukmeldt. Meirbelasting med reinhold under korona. Ikkje så stor trong for ekstrahjelp her ute fordi det er ikkje så mange og dette arrangement i Ølmheim kyrkje.
Vedtak: Soknerådet ser problemet sjølv om det å vaska kontaktflater hyppig ikkje er så aktuelt i Ølmheim kyrkje, og me tipsar gjerne om aktuelle hjelparar om det skulle dukke opp nokon.

- Sak 5/2021 Skriv og meldingar
 - Ref. frå Fellesrådet, Magne orienterte om tilstanden til Tjugum kyrkje, og om elendige tilhøve for toaletta på Leikanger kyrkjegard. Ølmheim er oppsett på måling i 2023, men Magne meiner at noko må gjerast før det. Spiret er brunt og vatnet renn ned og veggen er full i rote. Vil ta med fellesrådet på synfaring på neste møte. På Kaupanger har dei hjorteproblem på gravene, bårhuset er ikkje klart og riksantikvaren har ikkje hatt tid til synfaring. Forslag om elektrisk gjerde for å få bukt med hjorteplaga.
 - Vedtak: Magne tek med fellesrådet til Ølmheim kyrkje for å sjå på tilstanden.
- Sak 6/2021 Ofringsplan og preikeplan våren 2021
 - Søndag 7. februar: Utdeling av bibel til 11-åringar Offer til kyrkjelydsarbeidet
 - Kyrkjelydsfest 7. mars.
 - Vedtak: Me utsett arrangementet til seinare.
 - Gudsteneste 14. mars kl. 13.00 Offer til kyrkjelydsarbeidet
 - Gudsteneste 1. april kl. 11.00 Offer til Lyngmo
 - Gudsteneste 11. april kl. 11.00 påskefest for alle, 6-åringar spesielt invitert, konfirmantane er med og arrangerer
 - Gudsteneste 2. mai kl. 11.00, konfirmasjon i Norane
- Sak 7/2021 Konfirmasjon-utsetjing eller ikkje

Ølmheim har 9 konfirmantar. Dersom det er lov med 50 personar, får kvar med seg nokon få. Eit alternativ kan vera å gje tilbod om konfirmasjon i mai eller august. Elles vil smittesituasjonen avgjere kva som let seg gjennomføre. Andreas Danbolt vil sende ut spørsmål til konfirmantane med føresette kva dei kan tenkje seg. Viktig å vera fleksibel.

Vedtak: Norum sokneråd sluttar seg til dei punkta kyrkjekontoret har føreslege og ser an situasjonen.
- Sak 8/2021 Reperasjon av krossar på kyrkjetak

To trekrossar på kyrkja er i dårleg stand, ein datt av, ein er teke vekk med rote. Magne har teke saka med Jorunn Merete Haukås-Eide og har bestilt snikkar til å laga nye krossar.

Vedtak: Nye krossar med skrud må på plass, fellesrådet tek rekninga
- Sak 9/2021 Skog /kratt rydding nedre kyrkjegarden Dugnad

Gutar med elevbedrift har hjelpt til med å fjerne krattskog ved den nedste kyrkjegarden. Men det er trong for å få vekk nokre store tre som laubar mykje.

Vedtak: Dugnad for å fjerne tre laurdag 20. februar kl. 11.00, ta med motorsag, øks og passande reiskap.
- Sak 10/2021 Ny parkeringsplass

Magne orienterte om framgangen og avtalane med Oddny Ølmheim. Asfaltering er kome på. Uklart kva rekkverk som kjem opp.
- Sak 11/2021 Rekneskap 2020

Dårleg økonomi, underkant av 4000 kroner til saman. Offer i fjor 18000 kroner, utgifter drift vel 20000. Underskot på 2007,85 kroner. Årets konfirmasjon er betalt i desember 2020.

Vedtak: Soknerådet godkjenner rekneskapen som han ligg føre.
- Sak 12/2021 Årsmelding 2020

Ikkje klar til møtet
- Ny sak 13/2021: Blomehelsingar

Gunhild har oppdatert lista for 2021. Skal me starte med runde og halvrunde dagar for dei som er nye frå i år, og ikkje har fått kvart år som me har gjort før?

Vedtak: Vedtak dei fødte i 1939 og tidlegare får kvart år frå fylte 80 år, dei som er fødd i 1940 og yngre får til halve og runde dagar.

- Sak 14/2021 Val av formann/ Nestformann

Vedtak: Attval av Magne Ahlin til leiar og Gunn Kjersti Bårdgard til nestleiar.

For møtet

Heidi Fondenes